



LI-Private barnehagar

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/4219 - 16/13

Saksbehandlar:  
Jorunn Nøttveit Moen  
JNO@lindas.kommune.no

Dato:  
04.01.2016

## Vedtak om tilskotssats 2016 - familiebarnehager

Tilskot til private barnehager er regulert i Barnehageloven § 14 og Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager, og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotssatsar for 2016.

Kommunar som ikkje har kommunale familiebarnehagar, skal gi driftstilskot til private familiebarnehagar etter satsar fastsett av departementet. Lindås kommune har ikkje kommunal familiebarnehage. Nasjonal tilskotssats § 7 per heiltidsplass er:

	Per heiltidsplass
Tilskuddssats drift, barn 0-2 år	149 500
Tilskuddssats drift, barn 3-6 år	113 700
Kapitaltilskudd, barn 0-2 år	12 900
Kapitaltilskudd, barn 3-6 år	12 900

Private familiebarnehagar som har vesentleg høgare pensjonsutgifter enn det som vert dekkja av påslaget til pensjon kan søkje om å få dekkja pensjonsutgiftene, jf § 4 i forskriften.

Vedtaket om tilskotssats etter § 9 i forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager er eit enkeltvedtak og følgjer reglane i forvaltningslova.

Barnehageeigaren kan klage til Fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jfr forvaltningslova §§28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jfr forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jfr forvaltningslova 27 tredje ledd.

Barnehagar som i løpet av året mottek høgare tilskot enn dei har krav på etter feil frå barnehagen si side, kan etter vedtak frå kommune måtte tilbakebetale tilskotet, jfr forskrift om tilskudd til private barnehager § 13.



Vi gjer merksam på at Lindås kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jfr forvaltningslova § 35, femte ledd.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

LI-Private barnehagar